



## Oshaugen dagsenter

Hos oss er det 5 stykker som arbeidar. Det er alltid 2 stykker som er på jobb, for å gje dei eldre innbyggjarne en kjekk kvardag. Dei som kjem på dagsenteret blir kjørt med buss til og frå dagsenteret dersom dei ikkje bur i Oshaugen. Vi held opent måndag – torsdag kl 08-15:30.

Vi er stengt i romjula, påskeveka og juli.

**Kontortelefon Oshaugen 480 77 958.**  
For søknadsskjema og anna:  
[www.bjornafjorden.kommune.no](http://www.bjornafjorden.kommune.no)

## Kven er vi

Oshaugen dagsenter er eit sosialt aktivitetstilbod for heimebuande eldre. Hos oss står meistring og trivsel i fokus. Målet er at alle skal få brukt evnene sine, ha ein meningsfull kvardag og jobbe mot same mål.

Vi startar dagen med ein næringsrikt og god frukost rundt bordet, for å få ein god start på dagen.

Vi forsett med litt hjernetrim, tur i nærområdet dersom det er vær til det og deretter felles trening med og utan treningsstrikk. Vi er opptekne av at alle kan trene på sitt nivå, for å klare seg best mogleg heime. Vi har og musikalske innslag av ulike artistar som kjem og underheld inni mellom. Presten kjem og held andakt 1. gong i månaden.

Vi har og bingo, spel og handarbeid.

Vi avsluttar dagen med middag og dessert før bussen kjem og kjører deg heim.

### Dette kan du forvente av oss

- Vi viser resept for den enkelte
- Vi overheld teieplikta



## Oshaugen dagsenter

